



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2017/4934-11

Vår ref
15/1238-96

Dato
8. mars 2018

**Ferjeavløysingsordninga - førespurnad om førehandsavklaring og
overslag på kor mykje vegprosjekt på Bømlo, til erstatning for
sambandet Langevåg - Buavåg kan utløysa i ferjeavløysingsmidlar**

Samferdselsdepartementet viser til brev av 13. februar i år. I brevet vert det reist spørsmål om finansiering av vegprosjekt i Bømlo kommune vil kunna koma inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesveg. Prosjekta vil redusera reisetida mellom Langevåg i Bømlo og Buavåg i Sveio, og lengda langs vegen mellom Søre Bømlo og Haugalandet. Dette vil eventuelt kunna erstatta ferjesambandet Langevåg – Buavåg. Fylkeskommunen har ikkje gjort vedtak om å leggja ned ferjesambandet, vert det opplyst.

I retningslinene for ferjeavløysingsordninga heiter det i punkt 1.1:

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

Av brevet frå fylkeskommunen framgår det mellom anna at dei nye vegtraseane vil erstatta eksisterande fylkesveg i området. Det er ikkje snakk om å erstatta eller korta ned eit ferjesamband, jf. retningslinene. Tvert om har det i tidlegare framlegg for Stortinget (St. prp. nr. 78 (2008 – 2009)) vore lagt opp til innkreving av bompengar for prosjekta på det aktuelle ferjesambandet. I framlegg til revisjon av Bømlo-pakken, jf. Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan for Hordaland 2018 – 2029, vedteke 12. desember 2017, går det og fram at finansiering mellom anna vil vera bompenginnkreving på ferjesambandet.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafiksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Med utgangspunkt i dei opplysingar som ligg føre kan ikkje Samferdselsdepartementet sjå at dei omtala prosjekta er noko anna enn ei naturleg oppgradering av eksisterande vegnett. Konklusjonen er dermed at prosjekta ikkje fell inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesveg.

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet